



MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR
i
ROGALAND
1983

Navnet på vatnet Opplandsvatnet
Kommune Bjørkheim

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet og skriving av meldinga er utført av Rogaland Skogselskap v/ E. Berg, etter retningsliner og i nært samarbeid med Konsulenten for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Øyvind Vasshaug.

O S L A N D S V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 5. sept. 1973.

Vatnet ligg i Bjerkreim kommune, nærare stadfest vest for Røyslandsvatnet, og grensar i nord etter vegen mellom Bue og Kartavoll.

Arealet er omlag 80 ha og h.o.h. 241 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men det er stort sett eit grunt vatn, sjølv om der er einstilte djupe partier utpå. Stranda består for det meste av stein, men her er og noko fin sandstrand innimellom.

Gjørmebotn dominerar på djupet.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Botngras, brasmegras, siv- og algevegetasjon vil ein finna frå stranda og ut mot djupet.

Nedslagsfeltet femner om kulturbeiter, dyrka mark, skogsmark og fjell. Her veks spredt bjerkeskog.

Hovudtilsiga fell inn i sør og vest der fleire større vatn inngår.

Avlaupet renn ut i aust og går om Røyslandsvatnet ut i Bjerkreimsvassdraget.

Dei kjemiske tilheva.

Siktedjupet er 6.0 m og fargen på vatnet grønnlig-gul. Dette indikerar eit eutrof eller næringsrikt vatn.

Surheita pH er målt til 6.8 som er mykje godt for aure.

Innhaldet av kalk (CaO) er 1.8 mg/l og den totale hardheita 4.5 mg/l.

Vatnet må såleis karakteriserast som noko kalkfattig, men likevel relativt bra samanlikna med andre analyserte vatn.

Leiingsemna $K_{18} = 41.4 \times 10^{-6} \text{ ohm}^{-1} \text{ cm}^{-1}$.

Gjennomstrøyminga kan til sine tider vera ganske stor.

Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2.0, 5.0 og 10.0 m djup og ein kom til fylgjande resultat:

På 2.0 m vart det funne 16 fjærmygglarver, 1 igle, 1 vårflugelarve

1 mudderflugelarve, 3 muslingar og 2 fåbørstemark - i alt 240 individ pr. m².

5.0 m gav som resultat 5 fåbørstemark, 5 fjærmygglarver og 3 muslingar tilsaman 130 individ pr. m².

På 10.0 m vart det funne 49 fjærmygglarver og 1 musling eller samla 500 individ pr. m².

Samla resultat syner at der er relativt bra med næringsdyr i vatnet.

For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foreteken, tok vi mageprøver av 3 fiskar og her vart det funne muslingar, mygglarver, vårflugelarver, vannkalvlarver, grashopper, mosedyr, fjærmygglarver og plankton (linsekreps). Ein ganske allsidig meny.

Planktonprøver.


Det vart teke eit horisontalttrekk på ca. 50.0 m og eit vertikalttrekk på 10.0 m, med planktonhov. Horisontalttrekket må karakteriserast som ein relativt rik prøve og vertikalttrekket som medels rikt.

Fisk m.v.


Fylgjande fiskeslag vil ein finna i vatnet: Ferskvassaure, røyr og ål.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 38 aurar og 62 røyr.

Fordeler vi heile fangsten på omfara vil ei grafisk framsyning sjå slik ut:



Fordeler vi auren og røyra på cm-klassar og set dette opp grafisk vil ein få denne framsyninga:



Det vart teke prøver av 26 aurar og av desse var 20 rede og 6 lys-rede i kjøttfargen.

Vidare var der 10 hofiskar og 16 hanfiskar.


4 av prøvafiskane var svakt angripne av parasittar.

34 % av prøvafiskane var gytefisk - resten gjellfisk.

Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten for prøvafiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

Alder ved vinter

	1år	2år	3år	4år	5år	6år
Medellengde i cm	5.2	10.7	16.2	20.7	23.2	25.5
Årleg lengdetilvekst i cm	5.2	5.5	5.5	4.5	2.5	2.3
Antall fiskar	26	26	26	23	9	1



Vi har her sett opp ein vekstkurve for auren i Oslandsvatnet og samanlikna denne med normalkurven for Vestlandet (5cm pr. år). Som vi her vil sjå, syner fisken i Oslandsvatnet ein god lengdetilvekst like fram til 4-5 års alder, der kurven vart kryssa. Auren går mot ei maksimallengd på ca 27 cm, men det er berre få fiskar som når opp i denne storleiken.

Nå vil der sjølvsagt finnast ein del aure som er vesentleg større enn dette, såkalla "jagarar", men der er neppe mange av desse. Dette er fisker som har fått ein god start her i livet og som seinare har gått over til å ernære seg av yngel og småfisk.

Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene kan vi slå fast, at Oslandsvatnet er eit relativt næringsrikt vatn og der tilhøva ligg vel tilrette for fiskeproduksjon. Det ser ut som om fiskebestandet er godt avpassa til det næringsforrådet vatnet byr på.

Ser vi på dei kjemiske tilhøva, så er desse gode, og botn-
prøvene syner at mange arter av verdfulle næringsdyr er å finna.
Planktonprøvene er også bra, og omfarfordelinga saman med cm-
klasseinndelinga syner, at fisk av ymse årgangar og storleikar
er representert.

Når tilhøva er såpass gode i Oslandsvatnet, er det fleire ting
som har forårsaka dette.

Som kjent spelar nedslagsfeltet ei vesentleg rolle når det gjeld
næringsdyrproduksjonen, og fylgjeleg fiskeproduksjonen, i eit vatn.
Består dette av kultivert mark, vil alltid tilsiga herfrå føre
verdfulle næringsstoff med seg og som vil koma vatna til gode.
Dette vil gi seg utslag i ein frodig vegetasjon i og omkring
vatnet, og gi gode vilkår for alger og anna plankton, som er
sjølve næringsgrunnlaget i eit vatn.

Nedslagsfeltet for Oslandsvatnet er bra i så måte og tilsiga
frå kulturbeiter og dyrka mark har ein positiv innverknad på
vasskvaliteten og næringsforrådet.

Ein annan ting som gjer at fisken vi fekk var av mykje god
kvalitet, er det garnfisket som har vorte drive, ikkje minst i seinare
tid. Dette har ført til, at fiskebestandet har vorte halde i sjakk,
og ser i dag ut til å vera bra avpassa næringsforrådet. Det er
viktig at det er samsvar mellom desse faktorane.

Særs viktig er det, at ein driv eit hardt garnfiske etter røyra,
då denne har stor formeringsemne og lett for å bli dominerande,
i eit vatn der aure og røyr er i blanding. Røyrbestandet i
Oslandsvatnet er i dag av mykje god kvalitet.

Gytetilhøva er gode både for røyra og auren. Røyra sine gyte-
plassar vil ein finna på grunnare partier med hard botn (stein
og grus) ute i vatnet. Den beste gyteplassen for auren er i
avlaupsbekken, men og i fleire av tilsigsbekkene vil auren
kunna gyte.

Rekrutteringa, både av aure og røyr, skulle det såleis ikke vera
noko fåre med.

Praktiske tiltak.

Vi vil foreslå, at det vert skipa til eit grunneigarlag for
Oslandsvatnet, då eit lag alltid vil stå sterkare enn den einskilte
grunneigaren om eit eller anna skulle stå på.

Vert ein samde om å skipa til eit lag, må ein strakst laget er
etablert gå i gang med sal av fiskekort for stangfiske, men slik at
grunneigarane sjølve har eineretten til garnfiske.

Det er ikkje tvil om, at ein her ville få selt mykje fiskekort, då vatnet ligg særst lageleg til og i tillegg byr på fisk av ypperlig kvalitet. Ein skal leita lenge før ein finn eit vatn med jamt over så bra fiskebestand som Oslandsvatnet.

Elles må garnfiske drivast i omlag same omfang som tidlegare. Gjer ein ikkje dette, vil fiskekvaliteten gå vesentleg tilbake innan få år, og det er ingen tent med.

Andre tiltak skulle førebels ikkje koma på tale.

Vatnet er litt av ei perle og produksjonen pr. ha. stor.

Skulle det vera interesse for skiping av grunneigarlag, vil underskrivne vera hjelpesam med dette (vedtekter, fiskekort m.v.).

Stavanger 20/3 1974

Einar Berg